



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato
26.04.2017
Dykkar dato
30.03.2017

Vår referanse
2015/10266 421.4
Dykkar referanse
14/6423

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - gnr 56 bnr 14 - offentlege ettersyn detaljregulering Nesfossen smolt

Me viser til varsel om utviding av planområde og oversending av forslag i planforslag for Nesfossen smolt til offentleg ettersyn med frist til 03.05.2017 for å koma med uttale.

Fylkesmannen har tidlegare gitt uttale i saka i brev av 24.08.2016, samt samordna uttale i brev av 06.09.2016.

Fylkesmannen har ikkje merknader til utviding av planområdet.

Det er foreslått endringar for maksimal høgde i føresegn 6.1.6 for gasstankar o.l. Det er såleis vist til at høgda på slike tankar kan vera høgare enn maksimal byggehøgde. Slik Fylkesmannen ser det vil ein måtte setja ei maksimal byggehøgde også for desse tiltaka for å få ei gyldig høgdeføresegn. Ei ubestemt høgde for desse tiltaka vil vera lite føreseieleg for omgjevnadene og ein har då ikkje fått den planavklaringa som plan- og bygningslova § 29-4 første ledd siste setning føreset.

Me viser eller til at støyretningslinjene er revidert, slik at ein i føresegn 1.4.2 bør visa til T-1442/16.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen, Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen